



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Eli Wangen, 5764 3165

Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot 2022

Tilskot til kompetanseheving og innovasjon for å styrke kommunane si evne til å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.

Søknadsfrist: 15. mars 2022

Kven som kan søkje

- Kommunar og fylkeskommune kan søkje om tilskotsmidlar til kompetansetiltak, opplæring knytt til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) og innovasjonsprosjekt.
- Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar.
- Høgskular og universitet kan søkje om midlar til etablering av desentraliserte utdanningar, tilbod om utdanning gjennom digitale plattformer eller andre utdanningstilbod til personell i kommunar med lang reiseavstand til utdanningsinstitusjon.

Beløp som vi skal fordele i Vestland er ikkje avklart enno

Statsbudsjettreferanse: kapittel 761, post 68, Kompetanse og innovasjon, Helse- og omsorgsdepartementet. Det er løyvd 390,9 millionar kroner i 2022 der 358,0 millionar kroner går til kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot.

Føremålet med tilskotsordninga

Tilskotet er eit sentralt verkemiddel for gjennomføringa av [Kompetanseløft 2025](#). Føremålet med tilskotsordninga er å styrke kommunanes evne og høve til å utvikle berekraftige og gode helse- og omsorgstenester. Føremålet er også å gje tydeleg prioritet til nokre av dei viktigaste framtid utfordringane kommunane har på helse- og omsorgsfeltet.

Overordna prioriteringskrav



Kommunar som omstiller seg i tråd med *Leve heile livet- reforma* vil verte prioritert. Vi syner her til rundskriv [Informasjon til kommunene om kriterier for å bli prioritert i tilskuddsordningar knyttet til Leve heile livet](#) av 09.01.2021.

Dette prioriteringskravet gjeld ikkje tilskot til utdanningsløp som alt er i gang.

Andre prioriteringar i 2022

Kompetansetiltak (grunn-, vidare- og etterutdanningar)

- Grunn-, etter- og vidareutdanning av tilsette og kompetansetiltak om rus og psykisk helse vert prioritert. Tilskotet omfattar også rettleiingstenester knytt til spesialisering av psykologar i den kommunale helse- og omsorgstenesta. For kompetansetiltak innan rus og psykisk helse kan andre tilsette i kommunale eller fylkeskommunale etatar/sektorar vere målgruppe (til dømes NAV, barnehagar, skular, barnevernsteneste).
- Vidareutdanning av sjukepleiarar og andre høgskuleutdanna faggrupper vert prioritert, mellom anna vidareutdanning innan ernæring og palliasjon.
- Tilskot til korte interne opplæringstiltak, kurs, seminar og liknande vert prioritert i mindre grad. Unntak er statlege satsingar som til dømes ABC- opplæringsprogram og liknande.

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

- Opplæring knytt til BPA er eit prioritert tiltak. Tilskotet skal bidra til opplæring av arbeidsleiarar, assistentar og saksbehandlarar. Personar som ikkje har fått opplæring tidlegare bør verte prioritert. Kommunen må sjå opplæringsbehovet innan BPA i samanheng med kommunens kompetanseplanlegging.

Innovasjonstiltak og modellar for avlasting

- Innovasjonstiltaka skal bidra til systematisk utvikling av nye og varige tiltak og metodar for førebygging og tidleg innsats, eigenmeistring, fritidsaktivitet med assistanse, kulturopplevingar, mat og måltidsfellesskap, ernæring, legemiddelhandtering, rehabilitering, habilitering, samspel med pårørande og frivillige i omsorgssektoren generelt og i demensomsorga spesielt. Tema kan også vere nye arbeidsformer og endring i leing og organisasjon.
- Oppretting og utprøving av modellar for fleksible kommunale avlastingstilbod til pårørande er eit tiltak knytt til [regjeringas pårørandestrategi med handlingsplan](#). Delar av innovasjonstilskotet er øyremerka til dette tiltaket.

Statsforvaltaren vil sjå tildelinga av tilskotsmidlar i samanheng med kommunane sitt arbeid med langsiktig og heilskapleg planlegging knytt til berekraft, kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene for å møte dei demografiske utfordringane framover. I vurderinga vår vil vi også legge vekt på at rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet er ein sentral del av kommunens samfunnsplanarbeid.

Korleis søkje

Alle som søker om tilskot skal bruke [eige søknadsskjema som de finn på nettsida til Statsforvaltaren i Vestland](#). Vi gjer merksam på det er eit nytt søknadsskjema for 2022.

Søknaden kan sendast elektronisk til Statsforvaltarens e-postadresse: sfv|post@statsforvalteren.no

Regelverk for tilskotsordninga



[Regelverket for tilskotsordninga](#) finn de på heimesida til Statsforvaltaren og på heimesida til Helsedirektoratet.

Rapportering på motteke tilskot i 2021

Kommunane skal rapportere til Statsforvaltaren innan **15. mars 2022** for midlar som vart tildelt i 2021. [Rapporterings skjema](#) (eit word- og eit excel skjema) og [rettleiing](#) til rapporteringa finn de under tilskotsordninga på Statsforvaltarens nettside.

Frist for rapportering av motteke tilskot for 2022 vil gå fram av tildelingsbrevet.

Overføring av ubrukte midlar til 2022

Hovudregelen er at ubrukte midlar etter søknad kan overførast eitt år, altså frå 2021 til 2022. Som følge av koronasituasjonen kan Statsforvaltaren, etter søknad, vurdere vidare overføring til 2022 av tilskotsmidlar som alt er overført frå 2020 til bruk i 2021.

Revisorkontroll (vilkår for tilskot):

Rekneskap skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar) i samsvar med Den norske revisorforeninga sin standard ISA 805 "Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling".

Tilskotsmottakar må gje revisor ein kopi av tilskotsbrevet før revisorkontroll. Dersom tildelt tilskot er høgre enn kr 200 000,00 per år, men forbruket er mindre enn kr 200 000,00 per år, kan revisorstadfesting verte levert for to år av gongen.

Kravet om revisorstadfesting gjeld ikkje for samla tilskot mindre enn kr 200 000,00.

Med helsing

Linda Svori
ass. fylkeslege/ seksjonsleiar

Anne Eli Wangen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET	Postboks 7030	5020	BERGEN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL



Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802 FØRDE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783 STRYN
Solund kommune	Postboks 73	6921 HARDBAKKE
Osterøy kommune	Rådhuset	5282 LONEVÅG
Høyanger kommune	Postboks 159	6991 HØYANGER
Fedje kommune	Adm.bygg	5947 FEDJE
Alver kommune	Postboks 4	5906 FREKHAUG